

---

**Fra:** Styret Skodvinskule <styret@skodvinskule.no>  
**Sendt:** tirsdag 30. oktober 2018 14:48  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Tommy Veland; Line Merete Valle  
**Emne:** SØKNAD OM FRITAK FOR KOMMUNALE GEBYR

## SØKNAD OM FRITAK FOR KOMMUNALE GEBYR

Viser til møte med Tommy Veland og Line Valle 24.oktober.

I samband med at det vert søkt om oppmåling av skuletomten på Skodvin, og arealoverføring m.v., søker vi med dette om fritak for sakshandsamings- og oppmålingsgebyr.

Grunngjevinga er at dette er ei opprydding i uklare eigedomstilhøve frå den tid skulen var i kommunal eige.

Dessutan er Skodvin Montessoriskule ein non-profitt organisasjon som har avgrensa med økonomiske midlar. Det vi får inn av tilskot ønskjer vi i størst mogeleg grad skal koma elevane tilgode.

Det vert også ytt ein god del dugnadsinnsats for å hjelpa på drifta, og gjera trivnaden for elevane best mogeleg.

Vonar kommunen kan sjå med velvilje på saka og imøtekoma søknaden vår.

På førehand takk.

Med venleg helsing

Anita Gjerstad  
Styreleiar  
Skodvin Montessoriskule

[www.skodvinskule.no](http://www.skodvinskule.no)

